

## Nei til bustad og flytebyggje

25.09.2009

**Rådmannen går inn for avslag i to saker frå Uskedalen som skal opp i forvaltningskomiteen onsdag til veka. Per Arild Sjøwall har søkt om dispensasjon for å byggje bustad og Solfrid Eik har søkt om flytebyggje. Sakene er like - begge gjeld tiltak i strandsona.**

Sjøwall søker om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå plan- og bygningslova om forbod mot byggjing i strandsona. Rådmannen meiner det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova til å innvilga søknaden.

Søknaden gjeld frådeling av ein parsell av eigedommen 123/339 og søknaden er grunngjeve med at det er stor mangel på bustadareal i Uskedalen. Det aktuelle arealet er i gjeldande kommunedelplan frå 2003 avsett til LNF og heile parsellen ligg innafor hundremetersbeltet frå sjøen og 100 prosent innafor funksjonell strandsone.

Aktuelle naboar er varsla og det er ikkje komen merknad.

Administrasjonen peikar på at det er sett av svært mykje areal til bustadføremål i Uskedalen i kommunedelplanen.

Den aktuelle parsellen ligg i svært bratt terreng og vil krevja større terrenginngrep og i tillegg er tiltaket i strid med strandsonevernet.

Solfrid Eik ynskjer utlagt ei 2 x 4 meter stor flytebyggje på eigedommen 134/55 og ho skal nyttast til båtfeste og bading. Ho søker om dispensasjon frå kommunedelplanen der arealet er avsett til LNF på land og fiskeområde på sjø. Det omsøkte tiltaket ligg også innafor hundremetersbeltet frå sjøen.

Heller ikkje i denne saka kan administrasjonen sjå at det ligg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon. Søkjaren har frå før kaianlegg som bør stetta trongen for båtfeste og sjølv om ho meiner at flytebyggja kan nyttast av allmente til friluftsføremål, vil slike tiltak føre til auka privatisering i strandsona, skriv administrasjonen.

Av Ola Matti Mathisen